



**DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT**

Statssekretæren

KS Møre og Romsdal  
May-Ann Bruun

Deres ref  
13/01894

Vår ref  
13/5015

Dato  
6.01.2014

### **Den økonomiske situasjonen i Helse Midt-Norge**

Eg viser til dykkar brev av 2. desember 2013 der det er vedlagt en uttale frå KS i Møre og Romsdal om den økonomiske situasjonen i Helse Midt-Noreg. Det bes om auka ramme til helseregionen og vurdering av finansieringsmodellen som nyttast.

Regjeringa si politiske plattform gir klare føringar om at det ikkje skal leggjast ned akutt- og fødetilbod som ikkje er grunnlagt med pasienttryggleik og kvalitet, før ein nasjonal helse- og sjukehusplan er behandla. Helse Møre og Romsdal vil ikkje leggje fram endringar i akutt- og fødetilbodet i samband med budsjettarbeidet for 2014, men arbeidet med ein utviklingsplan og framtidig organisering av spesialisthelsetenestetilbodet for Helse Møre og Romsdal vil halde fram.

Når det gjeld finansieringsmodellen er det slik at Helse- og omsorgsdepartementet overfører inntekter til dei regionale helseføretaka, som igjen har ansvar for å tildele inntekter til egne helseføretak og private verksemder i samsvar med "sørgje for"-ansvaret sitt. Fordelinga mellom dei regionale helseføretaka er fastsett gjennom den såkalla Magnussenmodellen (NOU 2008:2) som blei innført frå 2009. Denne modellen ligg fast. Dei fire regionale helseføretaka nyttar inntektsfordelingsmodellar som tek utgangspunkt i Magnussenmodellen. Dette gjeld også Helse Midt-Noreg. Eg er kjend med at Helse Midt-Noreg har ei følgjeevaluering av modellen, og det er gjort endringar med verknad frå 2014. Eg vil og legge til at det ikkje berre er fordeling av inntekter som har verdi for inntektsnivået i sjukehusa. I budsjettet for 2014 er det ein historisk høg aktivitetsvekst på 2,6 pst. Dette kjem også Helse Møre og Romsdal til gode.

Med helsing

  
Anne Grethe Erlandsen